



**Jobbnorge-ID:** 105032

**Søknadsfrist:** Avsluttet

**Nettside:**

**Omfang:**

**Varighet:**

## Seniorrådgivar - analytiker - selskapsanalyse - NFD 20/14

Hovudoppgåva til Eigarskapsavdelinga er å medverke til profesjonell forvaltning av staten sitt direkte eigarskap. Målet er å oppnå størst mogleg avkastning over tid for staten og ei god og ansvarleg utvikling for selskapa. Avdelinga forvaltar staten sitt eigarskap i 21 selskap. Det gjeld store børsnoterte selskap som DNB, Telenor og Norsk Hydro, heileigde selskap som Statkraft og Flytoget og enkelte deleigde unoterte selskap. Eigarskapsavdelinga har også ei rolle som kompetanse- og ressursmiljø for den statlege eigarskapsutøvinga i det heile.

Avdelinga arbeider systematisk med å styrkje blant anna den strategiske og økonomiske oppfølginga av selskapa, vurderinga av og rekrutteringa til styra og praksisen for eigarstyring og selskapsleiing. Som ein del av dette arbeidet søker Nærings- og fiskeridepartementet no fem til seks engasjerte personar som er interessert i samspelet mellom politikk og næringsliv og som ønskjer å bidra til å vidareutvikle den framtidige statlege eigarskapspolitikken og eigarskapsutøvinga.

### Kontaktpersonar:

Morten Strømgren - avdelingsdirektør - tlf. 95 80 24 21

Georg F. Rabl - seniorrådgivar - tlf. 93 45 64 38

### Arbeidsoppgåver

Stillinga inneber analytisk oppfølging av staten sitt eigarskap i 3-4 selskap, som medlem av interne investeringsteam samansett av analytiker, forvaltar og avdelingsdirektør. Arbeidsoppgåvene er å utføre analytiskbaserte vurderingar knytt til dei selskapa analytikaren følgjer, til dømes resultat-, rekneskaps- og effektivitetsanalysar på selskaps- og bransjenivå, og å delta i og eventuelt leie prosjekt som mellom anna handlar om endringar i eigarskap, kapitalstruktur, konsernstrategi eller andre eigarrelevante tilhøve. I tillegg til dette kan det vere oppgåver som til dømes gjeld rapportering, sekretariatsoppgåver, bistand til politisk leiing, førebu presentasjonar og liknande.

### Kvalifikasjonar

Det er krav om minimum økonomiutdanning på masternivå, gjerne med spesialisering innanfor finans og/eller rekneskap og gjerne i tillegg kompetanse som finansanalytiker. Det er ein føresetnad å ha noko arbeidserfaring, til dømes frå konsultentselskap, finans og/eller analysearbeid i ei større bedrift. Vi legg vekt på interesse for eigarrolla i skjeringspunktet mellom strategi, finans og politikk. Vi søker personar med relevant IT-kompetanse, god skriftleg og munnleg framstillingsevne på norsk og engelsk, og kapasitet til å levere høg kvalitet innanfor korte fristar.

### **Vi tilbyr:**

- Lønsspenn: kr 509 100 - 710 400 (ltr. 60-77)
- Interessante og utfordrande arbeidsoppgåver i eit aktivt og engasjert arbeidsmiljø
- Kompetanseutvikling og fagleg oppdatering
- Heimekontorløysingar og trening i arbeidstida
- Fleksibel arbeidstidsordning og betalt overtid
- God låneordning til bustad gjennom Statens pensjonskasse (SPK)
- God pensjonsordning gjennom SPK
- Kontorlokale i sentrum

Kopi av attestar og vitnemål som ikkje kan sendast elektronisk, skal sendast Nærings- og fiskeridepartementet, Postboks 8090 Dep, 0032 Oslo. Søknadsdokument blir ikkje returnerte.

**Søknadsfrist: 19. september**

### **Tilleggsinformasjon**

**Arbeidssted:**